

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 05.06.2018  
Vår ref.: 2018/9120-5  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## **Søknad om overføring av ruteløyve frå Bergens2 AS til Ulriken Taubaneselskap AS - melding om vedtak og oversending av ruteløyvedokument**

Vi viser til brev av 18.03.18 frå Bergens2 AS, med søknad om å overføre sitt ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – Haukelandsbakken til Ulriken Taubaneselskap AS, og seinare korrespondanse i saka.

Fylkesutvalet gjorde i møte 31.05.18 følgjande vedtak i saka:

Fylkesutvalet godkjenner søknad av 18. mars 2018 frå Ulriken Taubaneselskap AS om å overta frå Bergens2 AS ruteløyve for strekninga Bontelabo – Haukelandsbakken på følgjande 4 vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld til og med 30. september 2023.
2. Alle passasjerar skal ha av- eller påstiging i Haukelandsbakken.
3. All bruk av haldeplassar skal vere for snøggast mogleg av- eller påstiging.
4. Stopp i bussterminalar skal berre finne stad etter avtale.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker av part eller annan med rettsleg klageinteresse.

Løyvedokument vert på grunnlag av dette sendt til Ulriken Taubaneselskap AS. Dette skal oppbevarast på hovudkontoret. Kopi skal følgje vogner som vert nytta i drifta, saman med turvognløyvedokument og dokumentasjon på disposisjonsrett over vogn.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

